

Næringsfond i Høyanger kommune 2020 - lokale retningslinjer og delegasjon – krisepakke fase 3 covid-19.

1. Bakgrunn

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon i Vestland Fylke gjorde i møte den 16/7 – 2020 vedtak om å løyve midlar til kommunale næringsfond som eit tiltak mot koronakrisa. Høyanger kommune fekk tildelt kr. 1.048.829,- etter ein fordelingsnøkkel basert på sysselsetting, næringsamansetjing, distriktsfaktor og skjøn. Det er utarbeidd sentrale føringar for tildelingskriterier og lovheimel for å gje tilskott som kommunane pliktar å fylgje.

2. Forvaltning av fondet

Høyanger Næringsutvikling AS vil forvalte, sakshandsame og løyve tilskott på vegne av Høyanger kommune. Fondet skal nyttast i samsvar med retningslinjer som ligg i vedtekter for kraftfondet, og elles følge Høyanger Næringsutvikling AS sine retningslinjer for tildeling av midlar. All støtte skal gjevast i samsvar med regelverket for offentleg støtte, og i samsvar med «Oppdragsbrev 2020 Kommunale næringsfond» frå KMD til fylkeskommunane.

Høyanger Næringsutvikling AS har følgjande vedtaksmynde for fondet:

1. Søknader/løyvingar inntil kr 150.000 kan innvilgast av styreleiar og nærings sjef i fellesskap.
2. Søknader/løyvingar over kr 150.000 skal handsamast av styret i HNU.

Første søknadsfrist vert sett til 20. september 2020 – deretter vert søknadane handsama løpande. Bruken av midlar skal ha følgjande føringar;

1. Målgruppa er bedrifter, etablerarar og næringsaktørar. Næringsaktør blir definert som ein aktør som legg til rette for og/eller gir støtte til næringsutvikling.
2. Mobilisering til utviklingstiltak og fellesprosjekt (kurs, opplæring, tilrettelegging, forstudie osv.)
3. I vurderinga av søknadene skal det leggjast særleg vekt på punkt:
 - tiltak som fremjar auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial.
 - tiltak som motverkar negative verknader av covid-19 utbrotet.
 - tiltak som kjem raskt i gang.
4. Kommunane kan unntaksvis tildela midlar til eigne tiltak som oppfyller formålet.
5. Prosjekt med regionalt nedslagsfelt og med prosjekteigarar frå minst to kommunar.

Bruk/tildeling av midlar vert rapportert i tråd med sentrale føringar.

3. Målsetjing med fondet

Fondet skal bidra til å dempe effektane av koronakrisa i næringslivet, og stimulere til sysselsetjingsvekst i samsvar med gjeldande verdiskapingsplan.

1. Prosjekt med stor sysselsettingseffekt skal prioriterast. I tillegg er det eit overordna mål å bidra til meir regionalt samarbeid i næringslivet og næringsutviklingsarbeidet.
2. Prosjekt som er knytt til prioriterte områder i verdiskapingsplanen, samt tilhøyrande handlingsplanar og regionale prosjekt, vert prioriterte. Næringsnettverket i Sogn kan brukast til å sikre god samordning av regionale prosjekt.
3. Prosjekt knytt til reiseliv kan koordinerast med Visit Sognefjord. Eventuelle prosjekt med Visit Sognefjord som søkar kan koordinerast gjennom næringsnettverket.
4. Prosjekt med fleire enn ein søkar og prosjekt som har potensiale for å løyse ut fleire eksterne midlar vert prioriterte.

4. Støttevilkår

Det vert gjeve tilskot på fylgjande vilkår:

1. **Tilskot til bedriftsutvikling:** Samla støtte skal som hovudregel ikkje overstige 50% av kapitalbehovet. I prosjekt som svarar til særleg mange av føringane kan det gjevast inntil 75% støtte. Dette inkluderer bruk av tilsvarande fond i andre kommunar for regionale prosjekt. Det er ikkje beløpsgrense for bedriftsutviklingstilskot.
2. **Tilskot til investeringar:** Samla støtte frå næringsfondet kan maksimalt utgjere 30% av kapitalbehovet. Maksimalt tilskot til investeringar er kr. 100.000,- per prosjekt.
3. Godkjende kostnadar skal vere rekneskapsført og attestert av rekneskapsførar/revisor.
4. All støtte vert gjeve i samsvar med EØS-regelverket og reglar for bagatellmessig støtte.